

Pressemelding

07.07.2023

Inntak til vidaregåande skule 2023: Dei fleste får førstevalet sitt

Første inntak til vidaregåande skule 2023/2024 i Vestland er klart, og 22 700 søkarar i fylket får no svar på søknaden sin om skuleplass. Omlag 74 prosent av søkerane får førstevalet sitt.

Omlag 20 200 søkarar med ungdomsrett (ungdom mellom 15 og 24 år) har fått plass på vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune. Av desse får litt over 16 650 tilbod om førsteønsket sitt for både utdanningsprogram og skule. Det betyr at fleirtalet av dei unge også i år får det opplæringstilbodet dei ønsker seg ved første inntak. 4239 elevar ventar på plass på førsteønsket sitt.

Etter første inntak er det 854 søkarar med ungdomsrett som ikkje har fått tilbod om skuleplass. Samla er det 1354 søkarar som er utan tilbod. I inntaksområda Stor-Bergen og Sunnhordland er det flest søkarar som står utan tilbod ved første inntak.

Yrkesfag er framleis mest populært

Det er omlag like mange søkarar til Vg1 yrkesfag i år som i fjor. Omlag 9460 søkarar med ungdomsrett har søkt yrkesfaglege utdanningsprogram. Av desse har 9050 fått tilbod om skuleplass i første inntak. 7920 har fått tilbod om skuleplass på første- eller andreønsket sitt.

2445 elevar med ungdomsrett ventar på plass på førsteønsket sitt. 1486 av desse er søkarar til Vg1 yrkesfaglege utdanningsprogram. På Vg1 yrkesfag er det 354 som ikkje har fått tilbod om skuleplass ved første inntak.

På Vg1 er det også i år utdanningsprogram for teknologi og industrifag som har lengst venteliste. Her står 1353 søkjarar på venteliste i dag, 502 har programmet som førsteønske.

Påbygg til generell studiekompetanse

Mange av søkerane til påbygg står framleis utan tilbod. Desse søkerane fordeler seg i to grupper. Den eine gruppa er søkarar som har fullført fag- og sveinebrev og

som ønsker å få studiekompetanse (Vg4). Her er det 375 som har søkt på 252 plassar, og det er 104 på venteliste.

Den andre gruppa er søkarar som har fullført Vg2 yrkesfag og ønsker å gå vidare på Vg3 påbygg i staden for å gå ut i lære. 846 har søkt på dette tilbodet. 774 har fått tilbod ved første inntak, av desse er det 564 som har påbygg Vg3 som førsteval.

Studieførebuande utdanningsprogram

10 582 søkarar med ungdomsrett har studieførebuande utdanningsprogram som førstevalet sitt. Av desse har 9975 fått tilbod om plass. Det er 200 med ungdomsrett som så langt ikkje har fått tilbod om skuleplass på studieførebuande utdanningsprogram.

Tal søkarar som har studieførebuande utdanningsprogram som førsteval, og som har fått tilbod, er noko lågare enn i fjor for fylket samla.

Dei som ventar på tilbod i dei studieførebuande utdanningsprogramma er i hovudsak frå inntaksområde Stor-Bergen. Det er 2247 plassar på studieførebuande utdanningsprogram i Stor-Bergen. 2718 søkarar i dette inntaksområdet har dette utdanningsprogrammet som førstevalet sitt. Det er tatt inn 2231, og 165 fleire ønskjer studieførebuande utdanningsprogram. Desse har så langt ikkje fått tilbod om skuleplass.

Ledige skuleplassar

I Vestland er det framleis over 1600 ledige skuleplassar. Desse plassane samsvarar ikkje med ønska til dei som per no ikkje har fått tilbod om plass. Søkarar som har ungdomsrett og som ikkje har fått tilbod om skuleplass no, vil få tilbod i dei seinare inntaka, eller når skulane tek over inntaket.

Søkarar som ikkje har ungdomsrett står på venteliste, og kan bli tekne inn til ledige plassar etter at skulane tek over inntaket i august. Etter første inntaket er det 854 søkarar med ungdomsrett som ikkje har fått tilbod om skuleplass. Samla er det 1354 søkarar som er utan tilbod.

Sjekk og svar på vigo.no

Dei som har søkt skuleplass kan logge seg inn på nettsida vigo.no, og sjå om dei har fått skuleplass frå 7. juli. Svarfristen er 16. juli. Det er særst viktig å svare innan fristen.

Dei som ikkje svarar, mistar tilbodet dei har fått og blir tekne ut av ventelistene

Tidsplan for inntaket til vidaregåande skule i Vestland

- 7. juli: tilbod blir gitt på vigo.no om første inntak
- 16. juli: svarfrist for første inntak
- 22. juli: melding om andre inntak
- 30. juli: svarfrist for andre inntak

- 8. august: tredje inntak. Du svarar ja til tilbodet ved å møte på skulen første skuledag.

Vedlegg:

[Oversikt over poenggrenser for kvar einskild skule og kvart utdanningsprogram](#)

Kontaktpersonar

- Hege Osebakken, fagleiar, tlf. 92 81 62 96, hege.osebakken@vlfk.no
- Bekka Skaasheim, assisterande avdelingsdirektør, tlf. 41 53 09 56, bekka.skaasheim@vlfk.no